



UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING NORGE
SØR-TRØNDELAG FKF
Fjordgata 1
7010 TRONDHEIM

Dato: 19.09.2017
Vår ref.: 2016/9494-98
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Samtykkeskjema 2017

Etter ein heilskapleg vurdering kom Hordaland fylkeskommune fram til at det ikkje var aktuelt å signere under «Samtykkeskjema fylke 2017» før UKM-festivalen 2017, slik den stod skriven (vedlegg 1). Då denne erklæringa vart sendt frå festivalarrangør 20.juni 2017 svarte Hordaland fylkeskommune med å signere eit revidert samtykkeskjema, med justert tekst lik som Sogn og Fjordane fylkeskommune (vedlegg 2). Det kom ingen tilbakemelding på dette frå festivalarrangør og vi vil difor grunngi til UKM Norge kvifor Hordaland fylkeskommune valte ikkje å signere erklæringa slik den står i vedlegg 1.

HMS-RUTINER PÅ UKM FESTIVALEN

- 1) *Deltakerne reiser i fylkesvise grupper, og det er fylkenes ansvar at deltakerne følger de ordensreglene som er utarbeidet av UKM Norge, og som gjelder for festivalen.*

Det er ikkje mogleg å garantere at alle deltagarane vil følge dei ordensreglane som ligg til grunn og dette er ikkje eit ansvar ein fylkeskommune kan ta på seg på ein juridisk bindande måte. Dette er det den einskilde myndige deltagar / føresette til ein umyndig deltagar som har og dette vert stadfesta i samtykkeskjema som deltagarar / føresette signerer.

Forslag til endring:

- 1) *Deltakerne reiser i fylkesvise grupper, og det er fylkenes ansvar å hente inn samtykke fra deltagere/foresatte om at de skal følge ordensreglene som er utarbeidet av UKM Norge, og som gjelder for festivalen.*

ERKLÆRING I FORBINDELSE MED DELTAKELSE PÅ UKM-FESTIVALEN 2017

Vi erklærer herved at

- a. *Vi vil ta fullt ansvar for alle våre deltagere under festivalen.*

Hordaland fylkeskommune kan ikkje ta «fullt ansvar» på ein juridisk bindande måte. Fylkeskommunen kan garantere at det er minimum ein ansvarleg vaksen per 10. deltagar som reiser saman med deltagarane og vidare at deltagarane blir fylgt opp av desse reiseleiarane på vanleg vis under festivalen.

Forslag til endring:

- a. *Vi har hentet inn samtykke fra alle deltagere/foresatte og vil følge og ivareta våre deltagere under festivalen.*

Innspel til ordensreglementet og arenatryggleik

Dei vaksne som blir med som reiseleiarar for UKM-deltagarane frå Hordaland skriv under kontrakt om mellombels tilsetjing i Hordaland fylkeskommune i det aktuelle tidsrommet. Der vert det m.a. lagt vekt på ordensreglementet under festivalen som er utarbeidd av UKM Norge. Reiseleiarane vil sørge for at

deltakarane er på plass i seng til rett tid, jf. dette ordensreglementet. Reiseleiarane skal vidare ha rett på å sove på same tider som deltakarane. Dersom deltakarar frå eit eller fleire fylker står opp om natta for å gjere noko anna enn å sove, når reiseleiarar frå eiga fylke sov, er det ikkje reiseleiarane sitt ansvar om kva denne / desse deltakarane gjer. Det er då festivalarrangør sitt ansvar at det er fleire vakter på overnattingsarena som sørger for at desse deltakarane ikkje vekker andre deltakarar eller kjem seg ut av overnattingsarena. Arena for overnatting må ha lukka dører frå 00:00 – 07:00 under festivalen, slik at ingen deltakarar har høve til å dra ein annan plass utan at reiseleiarar / fylkeskontakt er kjent med dette.

Vi håper at UKM Norge tek innspela til etterretning.

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Ronny Skaar
Utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.